



RIKSARKIVET

0205

Lærerutdanningsrådet  
Postboks 8150 Dep.,  
Oslo 1

Deres ref.

56 LR 84  
TH/BE

Vår ref.

Jnr. 520/1984  
A. 004.148/121  
AH/KI/OJ

Dato

22.2.1984

## KASSASJON AV SØKNADER OM OPPTAK TIL DEI PEDAGOGISKE HØGSKULANE

Riksarkivaren vil rå til at desse reglane for kassasjon av søknader om opptak til dei pedagogiske høgskulane vert følgde:

### I. Søknadsskjema.

1. Søknadsskjema som er arkiverte i Lærerutdanningsrådet:
  - a) Søknader som gjeld opptak til dei pedagogiske høgskulane fram til og med skuleåret 1983/84:  
10% av alle søknadsskjema skal takast vare på slik at ein plukkar ut kvar 10. søknad. Dette gjeld både søknadene frå dei som kjem inn på skulane og frå dei som ikkje vert tekne opp.
  - b) Søknader om opptak til dei pedagogiske høgskulane frå og med skuleåret 1984/85:  
Frå og med dette skuleåret vil vi be Lærerutdanningsrådet arkivera søknadsskjema etter personnummer. Ein tek då vare på søknadsskjema frå søkjarar som er fødde 1., 11. og 21. i månaden. Dette gjeld både dei søkjarane som er komne inn på skulane og dei som ikkje får plass.

I tillegg skal søknadsskjemaene frå alle søkjarar takast vare på fyrste året etter at opptaksreglane vert endra drastisk.

### 2. Søknadsskjema som er arkiverte ved dei pedagogiske høgskulane.

Dublettar av søknadsskjema som er arkiverte ved dei pedagogiske høgskulane, kan kasserast når skulane ikkje treng dei lenger. Tilsvarande reglar som dei som er gjevne for Lærerutdanningsrådet, skal ein og nytta for søknader til dei pedagogiske høgskulane som berre er arkiverte ved høgskulane.

I tillegg til dei nemnde reglane, skal alle søknadsskjema frå grunnleggingsåret til skulane takast vare på. Dessuten skal alle søknadsskjema frå før 1959/60 takast vare på.

Søknadsskjema som ikkje skal kasserast skal avleverast til Arkivverket når dei er 25 år gamle (jfr. kgl. res. 4.11.1961 V 1). Når opptaksskjemaa ikkje lenger er nødvendige i saksbehandlinga, skal dei skjema som ikkje skal kasserast, leggjast i esker og plomberast. Desse eskene må haldast forsvarleg innelåste til dei kan avleverast.

## II. Magnetband.

Den endelege magnetbandversjonen av søknadsregisteret frå kvart 5. år skal takast vare på frå og med 1980 (1980, 1985, osv., eventuelt 1975 dersom det finst magnetband frå dette året). Riksarkivaren er nå i ferd med å laga retningsliner for utforming av dei magnetbanda som skal avleverast til Arkivverket. Lærarutdanningsrådet vil få tilsendt retningslinene så snart dei ligg føre. Vi gjer merksam på at institusjonen sjølv må betale kostnadene ved konvertering av magnetband til "Arkivverkstandard".

## III. Opplysningar til søkjarane.

Riksarkivaren meiner tilleggsopplysningane på søknadsskjemaet bør vera slik:

"Det eine eksemplaret av søknadsskjemaet vert arkivert i Lærarutdanningsrådet i 5 år etter avslutta opptak. For dei søkjarane som har teke imot tilbod om studie-plass, vert det andre søknadsskjemaet og vedlegga sende til høgskulen. Om De ikkje ønsker at skjemaet skal oppbevarast, ber vi om at De seier frå om det. Send difor ikkje inn originalar som vedlegg. Søkjarar kan få vedlegga attende dersom dei legg ved ein frankert konvolutt med namn og adresse."

Kopi av dette brevet er sendt til Kultur- og vitskapsdepartementet og Datatilsynet.

Med vennleg helsing



John Herstad  
riksarkivar

K. J  
Kirsten Isaksen